



Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Digitalt møte
Dato: 04.04.2022
Tidspunkt: 09:00 - 10:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigbjørn Hauge	Leiar	Voss herad
Liv-Anne Aanesen	Nestleiar	Modalen kommune
Marta Sofie Vange	Medlem	Vik kommune
Petter Sortland	Medlem	Høyanger kommune
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	Vestland fylkeskommune

Merknader:

Møtet vart gjennomført digitalt.

Frå administrasjonen møte:

Namn

Anbjørg Nornes Sekretær/forvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet. Møteprotokollen er elektronisk godkjent.

Sigbjørn Hauge

Petter Sortland

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 8/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 9/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 10/22	Orienteringar og referatsaker - Brosjyre for Stølsheimen landskapsvernområde		
RS 4/22	Notat - dialogmøte om besøksforvaltning - 10.03.2022		2021/16652
ST 11/22	Delegerte saker		
DS 2/22	Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Sendedalen - snøskutertransport av ved og proviant		2022/4528
DS 3/22	Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Sendedalen - snøskutertransport - båt		2022/4522
ST 12/22	Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - Fjellhytta i Ornevik - nytt bygg		2022/3603

ST 8/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 04.04.2022

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 9/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 04.04.2022

Vedtak

Petter Sortland vart valt til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

ST 10/22 Orienteringar og referatsaker

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 04.04.2022

Handsaming i møte

Forvaltar orienterte om prosessen som er starta opp med marint vern i Sognefjorden.

Vedtak

Referatsakene vart tatt til orientering.

RS 4/22 Notat - dialogmøte om besøksforvaltning - 10.03.2022

ST 11/22 Delegerte saker

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 04.04.2022

Vedtak

Delegerte saker vart tatt til orientering.

DS 2/22 Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Sendedalen - snøskutertransport av ved og proviant

DS 3/22 Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Sendedalen - snøskutertransport – båt

ST 12/22 Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - Fjellhytta i Ortnevik - nytt bygg

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 04.04.2022

Handsaming i møte

Petter Sortland kom med framlegg om å gje løyve til å setja inn eit vindauge med storleik inntil 1,2 meter x 1 meter. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Ortnevik Grendelag løyve til å rive og bygge opp att fjellhytta på fjellet mellom Vikjeskåra og Preikestolen. Løyve er gjeve med heimel i

verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Det gamle bygget skal rivast, og nytt bygg skal setjast opp att på same staden.
- Hytta skal byggjast etter same prinsippet som den gamle med enkelt reisverk. Utvendige mål på bygget skal ikkje endrast. Utvendige mål skal vera inntil 3,2 meter x 4,2 meter flate, og mønehøgde på inntil 3,1 meter.
- Fasade på bygget skal ikkje endrast. Det vil sei at bygget skal ha liggande kledning med ulik breidde. Vindauge kan ha ein storleik på inntil 1,2 meter x 1 meter. Det skal vera gjennomgåande sprosser i vindauga. Dør og dørøpning skal ha same storleik og utforming som døra i bygget i dag.
- Takvinkel og takutstikk skal ikkje endrast, og vera i tråd med teikningar som er lagt ved søknaden. Taktekkingsmateriale skal vera bylgjeblikk med svart/grå farge.
- Kledningen på hytta skal ikkje målast, men gråne naturleg.
- Det kan støypast grunnmur under hytta på langsida mot nord, eller berre i hjørna på nordveggen, for å få flatt underlag til hytta. Høgda skal avgrensast til det som er naudsynt for å få flatt underlag. Grunnmuren skal blendast med stein frå området. Betongmuren skal i størst mogleg grad ikkje vera synleg frå utsida. Alternativt til støypt grunnmur, kan grunnmur murast av stein som kan boltast fast i fjellet.
- Etter arbeidet er avslutta skal området ryddast, og bygningsrestar og avfall skal fraktast ut av området.
- Bygget er ei sikrings- og kvilebu, og skal stå open for folk som vandrar i fjellet.
- Det skal sendast rapport med bilde av tiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført.
- Dersom det vert endringar på planane, skal endringane vurderast av verneområdestyret før arbeidet kan fortsetja.
- Løyve til tiltaket er gyldig til 31.12.2025. Det må søkjast om nytt løyve dersom arbeidet ikkje er starta innan denne datoen.

Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta og naturmangfaldlova. Søkjar må ta kontakt med Høyanger kommune for løyve etter anna lovverk.